

Reglement for elevhyblar i Titlestadvegen 29/Fanavegen 234

Stend leiger ut hyblar til elevar i Titlestadvegen 29 og Fanavegen 234 (seinare omtalt som bustaden). Tilbodet er eit kollektivt butilbod til elevar ved skulen. Bustaden skal vere eit trygt butilbod der elevane har ro til å gjere skulearbeid, og til kvile.

Leigetakarane i bustaden har eit gjensidig ansvar for å utføre avtalte plikter, og for å samarbeide om å få eit godt bumiljø.

På grunn av elevane sin alder ser skulen det som viktig å halde spesielt godt oppsyn med korleis bustaden vert brukt. Skulen har difor rett til å kontrollere bruken av bustaden, og kontakte foreldre ved behov.

Soveromma kan låsast separat. Resten av bustaden er felles for leigetakarane.

Fellesareal skal haldast ryddig og i orden til ein kvar tid. Leigetakarane skal gjere avtale om jamleg reinhald av bustaden.

Det er lov å ha overnattingsgjester frå familie, og frå vener av same kjønn, på eige rom. Besøk må gjerast etter avtale med dei andre leigetakarane. Varsel om dette skal gjerast i god tid.

Leigetakar som har gjester, plikter å sjå til at gjestene opptrer i tråd med dei reglane som gjeld for bustaden.

Det er ikkje lov å bruke tobakk, drikke alkohol eller bruke andre rusmiddel i bustaden.

Det er forventa at leigetakarane tar omsyn til kvarandre, til naboar og til skulen sitt omdøme i lokalmiljøet. Selskap eller fester kan ikkje bli arrangert utan skriftleg løyve frå skulen.

Det er ikkje lov å ha katt, hund eller andre kjæledyr i bustaden.

Det skal vere ro i bustaden etter kl. 23:00 på kvardagar, og kl. 01:00 om det er skulefri dagen etter.

Brot på reglementet kan føre til oppseiing av leigeforholdet med 14 dagars varsel.

Dato:

Magnus Vakt skjold
Rektor

Leigetakar